



Sunnfjord  
kommune

# Årsplan 2023–2026

## Skei barnehage

Hendingar og markeringar i barnehagen 2023/2024



## Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	4
Visjon for Skei barnehage .....	4
OMSORG OG DANNING .....	5
LEIK .....	5
LÆRING.....	5
Om barnehagen .....	6
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	6
Barnehage .....	8
Fagområde frå rammeplanen til barnehage .....	8
Medverknad.....	10
Barn.....	10
Foreldresamarbeid .....	10
Tidleg innsats .....	11
Overgangar.....	11
Når barnet startar i barnehagen .....	11
Overgangar i barnehagen .....	11
Overgang mellom barnehage og skule.....	12
Samarbeid .....	12
Samarbeid internt i barnehagen .....	12
Samarbeid med eksterne instansar.....	12
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	13
Planlegging, årsplan, dokumentasjon og vurdering.....	13
Korleis og på kva måtar gjer vi dette i Skei barnehage? .....	14
Hendingar og markeringar i barnehagen .....	16

## **Einingsleiar har ordet**

Velkomen til Skei barnehage sin årsplan. Her kan du lese om kva Skei barnehage står for, korleis vi jobbar for å skape ein trygg og god oppvekst og eit godt læringsmiljø for alle barn.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, eit utgangspunkt for foreldremedverknad, grunnlag for tilsyn og informasjon om det pedagogiske arbeidet.

Årsplanen byggjar på barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Årsplanen er eit levande dokument og må derfor jamleg justerast.

I Skei barnehage er vi oppteken av at alle barn og vaksne skal bli sett og hørt. Barna skal få gode barndomsminne gjennom felles opplevingar, inkluderande fellesskap, vennskap, leik og gode erfaringar frå kvardagar i barnehagen.

Skei barnehage har ei personalgruppe som har vore stabil gjennom mange år. Vi har pedagogar i forhold til pedagognorma, og tilsette med fagbrev som barne og ungdomsarbeidarar.

I tillegg til årsplanen har Skei barnehage følgjande dokumentar/planer der ein får informasjon om og frå barnehagen:

- Velkomstbrev, eit informasjonsskriv som blir sendt ut til alle nye foreldre med informasjon om tilvenning.
- Månadsplanar frå kvar avdeling, med ei oppsummering/evaluering frå månaden som har vore, og informasjon og plan for spesielle aktivitetar i den månaden som kjem.
- I tillegg 2-3 informasjonsskriv frå administrasjonen.

Månadsplanane skal ivareta endringar og interesser i barnegruppa. Planen skal gje innsikt i kva vi vil drive med i Skei barnehage.

For kontaktinformasjon og anna praktisk informasjon viser vi til vår nettside:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/finn-barnehage/skei-barnehage/>

Vi nyttar Visma Flyt barnehage-app som kommunikasjon mellom heim og barnehage. Dagsrapport frå avdelingane kjem på appen.

Vi ynskjer eit godt foreldresamarbeid. Vi set pris på om de tek kontakt om det er noko de lurer på.



**Mona Skaiå Årdalsbakke**  
**Einingsleiar**  
**Skei barnehage**

## Presentasjon av barnehagen

Skei barnehage er eigd av Sunnfjord kommune. Barnehagen ligg på haugen bak Jølster tenestetorg og Felleskjøpet på Skei.

Skei barnehage er ein kommunal barnehage som starta opp i 1987, i ein tidlegare legebustad. Hausten 1999 starta vi i nybygd barnehage med to avdelingar, Blåklokke og Solsikke. Den private Knærten barnehage og den kommunale Skei barnehage vart då slått saman til Skei barnehage, og fekk 36 plassar i alderen 0 - 5 år. Personalalet frå dei to barnehagane flytta med inn i nye lokale. Uteområdet var bygd på dugnad av foreldre.

Hausten 2013 vart det bygd på to nye avdelingar/basar med plass til 24 barn i kvar. Skei barnehage fekk då 84 plassar. Ved påbygginga måtte uteområdet utvidast. Vi fekk gapahuk og nytt leikestativ. Uteområdet er kupert og byr på mange ulike utfordringar.

Skei barnehage har 84 plassar for barn i alderen 0 - 6 år. Plassane er fordelt på fire avdelingar. To avdelingar med 24 plasser og to avdelingar med 18 plassar.

Opningstida i barnehagen er frå kl.07.00 – 16.30.



Solsikke: 1-3 åringar  
Mobil: 480 94 110



Blåklokke: 1-3 åringar  
Mobil: 481 51 835



Røsslyng 3-4 åringar  
Mobil: 979 54 880



Skogstjerne 4-6 åringar  
Mobil: 481 80 254

## Barnehagen sitt verdigrunnlag

### Visjon for Skei barnehage

«Saman blir vi drivande gode»



Skei barnehage  
Tlf. 57 72 64 30

Verdiord: Engasjert – Inkluderande - Nær

Hugseregel: Vi er EIN

- Gjennom god kommunikasjon og gjensidige tilbakemeldingar, vil vi skape eit godt fellesskap.
- I arbeidet med barnet og barnegruppa må vi vere engasjerte, inkludere alle, vere nær, sjå det einskilde barnet og lytte til dei.
- I arbeidskvardagen skal verdiane prege og vere førande for korleis vi jobbar med barna, foreldre og personalet.
- Vi skal jobbe for å vere gode i alle ledd av barnehagen - byggje «vi-kjensle».
- Vi jobbar i team der vi har felles fokus. Vi jobbar ilag for å gjøre barnehagen best mogeleg for alle.
- I samarbeid på tvers av einingar skal vi ha respekt for andre sine fag og synspunkt. Gjennom det vil vi få råd av andre og til å utvikle oss.

## **OMSORG OG DANNING**

Gjennom god omsorg oppnår vi tryggleik, og det er grunnleggande for trivsel og utvikling. God omsorg handlar om å sjå barnet, hjelpe det til å forstå seg sjølv og kjenslene sine. Det er i fellesskapet og i møte med andre vi utviklar oss som menneske. Vi skal ha ein kvardag som skapar trygge og tillitsfulle barn, som vågar å vere seg sjølv og gje uttrykk for sine meiningar (*Rammeplanen 2017*).

### **Personalet i Skei barnehage har som mål å:**

- dekke barna sine behov for fysisk og psykisk omsorg - sjå, lytte, hjelpe, trøyste, støtte og oppmuntre
- skape trygge, stabile rammer som er kjente for barna
- ha eit miljø prega av glede, humor og omsorg for kvarandre (barn-barn, barn-vaksen, vaksen-vaksen)
- jobbe for at barna kjenner meistring og utviklar seg åleine og i lag med andre
- møte alle barn på ein open, varm og interessert måte som skaper tilhøyrslse
- tilpassa omsorg til det einskilde barnet (f.eks. sovetider på småbarn)
- bidra til at barna kan forstå verdiar og normer som er viktige for fellesskapet
- lære barna å setje eigne grenser og å respektere andre sine grenser

## **LEIK**

Leik er viktig for barn og skal ha ein sentral plass i barnet sitt liv og i barnehagekvardagen. I leiken skjer utvikling og læring, og det er ein plass for sosial og språkleg samhandling. Det er personalet sitt ansvar å legge til rette for eit godt leikemiljø, der det er tid og rom for leik, og der alle barn får vere ein del av leikemiljøet (*Rammeplanen 2017*).

### **Personalet i Skei barnehage skal være aktive vaksne som er nære og til stades i barn sin leik for å:**

- fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik
- leggje til rette for variert leik og ha tilgjengeleg utstyr både inne og ute
- støtte, inspirerer og oppmuntre i leiken, og fremje barnekultur
- stimulere til leik gjennom opplevingar som turar, drama, bøker, leikar m.m.
- rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- observere og hjelpe barna både sosialt og språkleg

## **LÆRING**

Læring skjer i eit fellesskap med andre. Nysgjerrigkeit, kreativitet og utforsking skal være drivkrafta i læreprosessane. Barn lærer med heile kroppen og ved hjelp av alle sansar (*Rammeplanen 2017*).

### **Personalet i Skei barnehage skal jobbe med å:**

- leggje til rette for gode relasjonar i eit inkluderande fellesskap der barna bidreg til eiga og andre si læring
- leggje til rette for eit kreativt miljø som skapar undring, utforsking og gjev mot og lyst til å lære
- støtte barna til å utforske eigne evner, og gje positive tilbakemeldingar slik at barna opplever meistring
- vere vaksne som deler av eigen kunnskap, er engasjerte og oppfinnsame for å vekke interesse hos alle barn

- ta utgangspunkt i det barn er interessert i, og saman med dei undersøkje, stille spørsmål og finne svar
- formidle kunnskap og skape undring
- gje barna erfaringar og opplevingar som turar, teater, konsertar og liknande

## Om barnehagen

Dei siste åra har vi jobba med inkluderande barnehage og skulemiljø. Vi har vore med på forskingsprosjekt ACTNOW ved høgskulen på Vestlandet. Sjå meir på: <https://www.hvl.no/actnow>

Barnehagesatsinga frå NAV der hovudtema var førebyggande arbeidsmiljøarbeid og sjukefråværssoppfølging.

**Godt arbeidsmiljø - trivsel for alle både barn og vaksne.**

## Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

- legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehagen
- relasjonskompetanse – tryggleikssirkelen COS
- prosjektet "*Ein bra dag på jobb*"
- foreldresamarbeid
- leik



## Inkluderande barnehagemiljø



**Hovudmål:** Alle barn skal ha det trygt og godt i Skei barnehage.

**Delmål:** Alle vaksne skal følge med på at alle barn trivast og har det bra i barnehagen.

### Tiltak:

- Vaksne er aktive og nære i leiken kvar dag
- Observerande vaksne som aktivt ser etter
- Nær dialog med foreldre om barnet sin trivsel
- Ha fokus på miljøet i avdelinga
- Gje alle barn positiv merksemd kvar dag

**Delmål:** Bruk av målretta tiltak når ein oppdagar eller mistenkjer om at eit barn ikkje trivast.

### Tiltak:

- Dele barnegruppa i mindre leikegrupper
- Jobbe med å inkludere i leik
- Samtalar med barn
- Tett foreldresamarbeid
- Observasjon

## Språk og språksatsing



**Hovudmål:** Skape gode språkmiljø i barnehagen, som eit godt grunnlag for alle barn si språkutvikling.

**Delmål:** Legge til rette for språkaktiviteter tilpassa barna sine ulike føresetnadar og behov.

### Tiltak:

- Jobbe med språkverktøya «Grip om grepa», «Språkkista», «Babblarna», «ASK-alternativ supplerande kommunikasjon»
- Bruke «Språkkista» digitalt
- Bruke verktøya i planlegging og gjennomføring av språkaktiviteter

## Relasjonskompetanse



**Hovudmål:** Etablere trygge og gode relasjoner mellom vaksne og barn, som eit grunnlag for barna sin trivsel og utvikling.

**Delmål:** Auke personalet sin kompetanse om tilknyting og tryggleik (Tryggleikssirkelen, COS).

### Tiltak:

- Nutte tryggleikssirkelen som modell for å forstå barna sine behov og aferdsuttrykk
- Setje grenser som speglar tryggleikssirkelen - større, sterkare og klokare, men god
- Jamleg reflektere og vurdere eiga evne til å etablere, vedlikehalde og reparere relasjonar

# Barnehage

## Fagområde frå rammeplanen til barnehage



### Dei ulike fagområda

Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ei gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Leiken er eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda

Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidraga til barna, slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av kvardagen til barna.

Vi er innom dei ulike fagområda gjennom aktivitetane og satsingsområda vi held på med i barnehagen. Fagområda vert fletta inni kvarandre.

### Kommunikasjon, språk og tekst

Dette jobbar vi med på ein eller annan måte kvar dag.

Til dømes: Vi set ord på det vi gjer og ser, kjensler, tankar, meininger og erfaringar, har lesegrupper/samtalegrupper og brukar lydbøker.



### Kropp, rørsle, mat og helse

Vi jobbar kvar dag med å øve inn gode vanar. Alle skal få oppleve glede ved å vere i aktivitet. Inne lagar vi til hinderløyper og vi har madrassrom der barna får utfolde seg. Ute er vi i aktivitet på diverse underlag, både i og utanfor barnehageområdet til alle årstider. Turane blir tilpassa barnegruppa. Førskulegruppa nyttar bassenget på Skei skule når det er mogleg.

I mai har vi sykkeldag for 4- og 5-åringane, der ein har med sine eigne syklar og hjelm.

Barna skal oppleve matglede ved å vere med å lage mat. To gonger i månaden lager vi varmmat på avdelingane og barna hjelper til på kjøkkenet.

For at barna skal bli kjende med kroppen sin, har vi kroppen som tema i samlingsstunder. Utover det vert det snakka om kroppen aktivitetar, i løpet av ein dag i barnehagen.

Barnehagen skal bidra til at barna vert kjende med kroppen sin, og blir bevisst på eigne og andre sine grenser.

### **Kunst, kultur og kreativitet**

Barna har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene. Personaelt legg til rette for at barna skal få bruke fantasi, tenke kreativt og oppleve skaparglede. Vi har fokus på prosessane og ikkje produkta, der barna skal gjere det meste sjølv.

### **Natur, miljø og teknologi**

Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider, og i allslags vær. Vi håper at barnehagen er med på å bidra til at barna vert glade i naturen, og får lyst til å vere ute og verne om naturressursane. Barna skal få kunnskap og erfaring med dyr og vekstar. Kunnskap om at dei er avhengige av kvarandre, og er viktige for matproduksjonen. Barna skal få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling. Vi håper barna vil utvikle ein gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen ved å snakke om resirkulering. Vi plukkar opp søppel og kastar ikkje ting i naturen. Barna skal så frø og få kjennskap til kva som må til for at frøet skal spire, og verte til ein plante. Dei skal også få kjennskap til livssyklusen til mennesket.

### **Mengd, rom og form**

Vi skal bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å oppdage, utforske og skape strukturar. Vi skal hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen. Personaelt skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølv og vere kreativ og skapande. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Dei tel, utforskar rom og formar, argumenterer og er på jakt etter samanhengar.

### **Etikk, religion og filosofi**

Vi skal gjennom forteljingar skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, bli kjent med religionar og livssyn som er representert i barnehagen. Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. Vi skal utforske og undre oss i lag over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål. Barnehagen skal bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre med grunnlag i verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei eldste barna deltek på kyrkjevandring i starten av desember i Helgheim kyrkje.

### **Nærmiljø og samfunn**

Barna skal ha medråderett og påverke det indre livet i barnehagen. Vi skal følgje demokratiske prinsipp i det daglege arbeidet. Vi skal gje barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering. Barna skal bli kjent med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer. Dei skal bli kjent med at samane er Norges urfolk, og få kjennskap til samisk kultur. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt, og bli kjende med nokre historiske endringar i lokalmiljøet og samfunnet.

## Medverknad

Barn si rett til medverknad er tydeleg uttrykt både i rammeplan, barnehagelova, grunnlova og FNs barnekonvensjon.

Barna skal oppleve at det er mogeleg å påverke det som skjer i barnehagen og spesielt sakar som gjeld dei sjølve. Vi skal leggje til rette for og oppmuntre til at barna gir uttrykk for sine synspunkt, og at desse har innverknad på deira kvardag i barnehagen. Vi skal vektlegge synspunkta i samsvar med alder og modenskap. Barn skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. *Til det beste for barnet* er eit grunnleggande omsyn som skal ha innverknad på handlingar, og avgjersler som gjeld barn i barnehagen.

**For personalet i Skei barnehage betyr dette:**

- Barn skal reknast som likeverdige med vaksne, og har rett til innverknad på lik linje med vaksne.
- Sjå og møte kvart barn som eit sjølvstendig individ.
- Ut i frå alder og modning skal barna bli høyrt, lytta til og ivaretatt.
- Barn kommuniserer på ulike måtar; snakke, gråte, gjennom humor og glede, ved tausheit og trekke seg vekk. Det er den vaksne sitt ansvar å prøve å forstå alle barna sine ulike uttrykk.
- Det barna uttrykker skal takast på alvor, følgjast opp og barnet skal oppleve respekt for den meining dei uttrykker.
- Gje barna høve til å medverke utifrå eigne evner.
- Ta barna med i planleggingsprosessen og evaluere.
- Vise til og gje barna ein bevisstheit til at «dette har dei vore med å bestemt».

## Barn

Medverknad i Skei barnehage er at alle barn skal:

- oppleve at dei er med og påverkar eigen kvardag
- bli møtt av vaksne som er opne for barn sine innspele
- ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet
- verte tekne med på råd, planlegging og vurdering

## Foreldresamarbeid

Det er foreldre som har ansvaret for å oppdra barna.

Barnehagen si verksamhet skal vere i nær forståing og samarbeid med heimen.

Foreldre og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling.

### Mål for samarbeidet:

- Foreldre som er trygge på at barna har det bra i barnehagen, som er bevisste si rolle og ynskjer å vere med å påverke barnehagekvardagen.
- Ein trygg og god dialog mellom personalet og foreldra, der ein kan ta opp det som opptek ein i forhold til barnet og barnehagen.

**Foreldresamtalar, foreldremøte, foreldreutval og samarbeidsutval er formelle kanalar for samarbeid.**

Levering og henting er viktige situasjonar for utveksling av informasjon mellom heim og barnehage. Det kan vere praktisk ting, og små og store opplevingar som barnet har hatt heime eller i barnehagen.

Det er oppstartssamtale med foreldre når nye barn startar i barnehagen. Det er to foreldresamtalar i løpet av eit år, ein i november og ein i mars/april. Samtalane vert gjennomført på dagtid. Utover dette kan føresette og personale når som helst be om ein samtale.

Barnehagen kallar inn alle føresette til foreldremøte i september/oktober. Det vert då val av foreldrerepresentantar, saker med generell informasjon om planar frå barnehagen og avdelingsvise møter. Eit foreldremøte i mars/april er oftast temabasert/evaluering. Det er påskefrukost i veka før påske, sommeravslutning med FORUT kafé med inntekt til eit prosjekt barna har jobba med i juni, og dugnad i barnehagen i mai/juni.

## Tidleg innsats

Det er eit klart mål å komme så tidleg som mogleg inn for å gje hjelp og støtte, der vi kjenner ein bekymring for eit barn sin utvikling eller åferd. God og tidleg dialog med foreldre er ein føresetnad.

Sunnfjord kommune har ein eigen plan som viser korleis vi jobbar for å nå dette målet. Handbok i tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/handbok-i-tidleg-innsats-tilpassa-opplaring-og-spesialpedagogikk/>

## Overgangar

### Når barnet startar i barnehagen

Vi startar samarbeidet med tilbod om ein besøksdag i juni, for barn som skal begynne i barnehagen i august. Foreldra får anledning til å sjå seg omkring i barnehagen og helse på personalet som skal vere på den avdelinga barnet skal gå.

Vi kallar inn til foreldremøte for foreldre til nye barn rett før barnehagestart. Dette er eit uformelt møte der foreldra får litt informasjon, og høve til å stille spørsmål. Barna kan gjerne vere med på dette møte. Foreldre som ynskjer det får omvising i barnehagen.

Under sjølvre oppstarten ynskjer vi at foreldra er med i barnehagen dei 2-3 første dagane, og lengre om det er behov for dette. Vi tilrår at ein startar med kort dag første dagen, og har litt lengre dag etter kvart. Det er viktig med god kommunikasjon mellom heim og barnehage.

### Overgangar i barnehagen

Vi besøker andre avdelingar på våren og sommaren, og pedagogane har overføringssamtale der ein informerer om barnet. På våren har vi felles arrangement, turar og liknande, for å bli kjent med barn og personalet på avdelinga dei skal starte på til hausten.



Saman blir vi drivande gode

## Overgang mellom barnehage og skule

Barnehagane som soknar til Skei skule har førskuletreff ca. ein gong i månaden, og har avslutta med eit felles opplegg i mai/juni.

Førskulebarna reiser på besøk til Skei skule for å bli meir kjende. Dei går på besøk på SFO som er klasserommet for 1. klasse. Om mogeleg får dei treffe læraren, som vi og ønskjer skal komme på besøk i barnehagen før skulestart.

På våren vert det overføringsmøte med pedagogisk leiar/einingsleiar frå barnehage, og lærar/rektor m.fl. frå skule. Informasjonen som vert overlevert er avklart med foreldra i foreldresamtale i mars/april. Skulen inviterer alle førskulebarn og foreldre til innskriving (vanlegvis i juni).

## Samarbeid

### Samarbeid internt i barnehagen

Personalmøte, planleggingsdagar, pedagogisk leiarmøte og avdelingsmøter er arenaer for samarbeid internt og for fagleg utvikling.

I barnehagen har vi ressursteam som består av einingsleiar, assisterande einingsleiar og den pedagogiske leiaren som har barnet på si avdeling. Teamet er knytt mot tidleg innsats, og er eit fora for samarbeid knytt til tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.

### Samarbeid med eksterne instansar

- Helsestasjon i Sunnfjord kommune har eit eige oppfølgingsteam som tilbyr familiesamtalar og oppfølging av barn og unge. Dei tilbyr forelderrådgiving og rettleiing innan PMTO og Tryggleikssirkelen (COS -sirkelen). Barnehagen kan hjelpe med å kome i kontakt, dersom foreldre treng eller ynskjer rettleiing i forhold til sitt barn.
- HomeStart – familiekontakt.  
Er eit lågterskel tilbod til familiar med minst eit barn under skulealder, som ynskjer eller treng hjelp i kvardagen med barn. Hjelpen kan bestå av praktisk hjelp, samtale eller besøk i heimen. Alt etter kva behov familien har. Kommunen har ein eigen koordinator ein tek kontakt med om ein ynskjer hjelp.
- Skei skule låner oss gymsal og basseng. Vi har utplassering av elever i praksis og andre besøk frå skulen.
- Skei omsorgssenter får besøk frå barnehagen.  
Målsettinga er å få trygge barn i samvær med eldre. Barn og beubarar skal få oppleve gjensidig glede og gode augneblikk. Skei barnehage er ein Livsgledebarnehage. Hausten 2015 melde vi oss inn i stiftelsen Livsglede for eldre. Les meir på <http://livsgledeforeldre.no>
- Barna er med på å stelle hønene og kaninane i sansehagen.



- Butikkane på Skei
- NAV - Sosialtenesta og Barnevernstenesta kan vere eit rådgjevande organ for barnehagen. Barnehagen kan vere eit hjelpetiltak for barnevernet.
- PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste i Førde – PPT 57 82 93 00)  
Har psykologar, logopedar og rådgjevarar tilsett.
- Kompetanseteamet er eit lågterskeltilbod. Dei jobbar med både system saker og individsaker. Teamet består av migrasjonspedagog og to spesialpedagogar. Dei skal vise vidare til eit tilmeldingsteam, om barnet treng meir hjelp enn det dei og barnehagen kan klare å gje. Kompetanseteamet kan også ha samtaler med foreldra, i lag med pedagogisk leiar og einingsleiar.
- BUP - Barne og ungdomspsykiatriske poliklinikk gir rettleiing og hjelp, både til foreldre og personale.

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

### Planlegging, årsplan, dokumentasjon og vurdering

Det er kvaliteten på samspelet og relasjonane mellom barna, og mellom barna og dei vaksne, som er den viktigaste føresetnaden for barnas trivsel, utvikling og læring i barnehagen.

Barnehagen er ein pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. I desse prosessane har barn og foreldre rett til å medverke. Planlegginga skal være basert på kunnskap om trivselen, og den allsidige utviklinga til barna både individuelt og i gruppa. Det får vi gjennom å observere barna og gruppa som heilheit, og gjennom samtalar vi har med barn og foreldre.

Det pedagogiske arbeidet i barnehagen skal regelmessig takast opp til vurdering.

Barnehagen skal då vurdere kva som er bra og kva som ikkje er godt nok.

Vurderingsarbeidet må bestå av felles refleksjonar som involverer heile personalgruppa, og som opnar for ein kritisk og reflekterande praksis. På denne måten lærer personalet av eigen praksis og lar dette få bidra til å utvikle barnehagen.

Vurderingane må bygge på dokumentasjon og sjåast i samanheng med dei måla vi har sett for einskildbarn, barnegruppa og for barnehagen som heilskap. I tillegg til dei kriteria som barnehagelova, rammeplanen og lokale retningslinjer og planar gir.



## Korleis og på kva måtar gjer vi dette i Skei barnehage?

Kva	Kvifor	Korleis
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Informasjonsskriv.</li> <li>- Månadsplan med oppsummering og informasjonsdel.</li> <li>- Oversikt over aktivitetar og hendingar, og anna informasjon frå barnehage til heimen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Viktig informasjonskanal ut til foreldre.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Blir sendt ut via e-post og Visma flyt barnehage.</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Dokumentasjon av aktivitetar på avdelingane.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Dele med foreldra kva som skjer i barnehagekvardagen.</li> <li>- Vere til hjelp for samtalar i heimen om det som har skjedd i løpet av dagen.</li> <li>- Barn får støtte til å fortelje om dagen sin gjerne i lag med personalet ved henting.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Publisering av dagsrapport på Visma flyt barnehage, notat og/eller bilder.</li> <li>- Bilde/bildekollasj og/eller enkel tekst, hengt som oppslag på avdelingane.</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samtalar med barn.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Blir gjennomført før foreldresamtalane om våren, det året barnet startar på skulen. I samtalane kan barnet gje uttrykk for korleis dei opplever kvardagen i barnehagen.</li> <li>- Barna sine synspunkt skal ha innverknad på det vidare arbeidet med utvikling av barnehagen/avdelinga (jf. barns medverknad). Det som kjem fram i samtalane er viktig som grunnlag i vurderingsarbeidet vårt.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Spontant er vaksne i samtalar/dialog med barn i leik og aktivitetar gjennom dagen.</li> <li>- Planlagde samtalar der vi søker informasjon om korleis barnet har det i barnehagen.</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Observasjon.</li> <li>- Systematisk observasjon i forkant av foreldresamtalane.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi får informasjon om barnet sin trivsel og utvikling i barnehagen.</li> <li>- Observasjonane skal vere med i grunnlaget for dei vurderingar vi gjer.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi observerar heile tida og deler med kvarandre.</li> <li>- Vert drøfta i avdelingsmøta m.m.</li> </ul>
<p>Interne møter:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Avdelingsmøte.</li> <li>- Pedagogisk leiarmøte.</li> <li>- Personalmøte.</li> <li>- Planleggingsdagar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- All informasjon som vi samlar inn, skal vere med å setje dagsorden for møta i barnehagen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Refleksjonar og vurderingar gjort av personalgruppa, blir brukt til vidare planlegging og utvikling av arbeidet i barnehagen.</li> <li>- Fagleg utvikling og oppdatering for personalet.</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Brukarundersøking.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skal vere med å gje oss eit bilet av korleis foreldra og barn opplev barnehagetilbodet, og er eit viktig grunnlag for å gjere barnehagen betre.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Spørjeundersøking felles i kommunen, anna kvart år. Gjennomført november 2021</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Perm til kvart einskild barn.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Minnebok frå åra i Skei barnehage.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bilete frå litt av det barna har vore med på i barnehagen.</li> <li>- Samling av litt teikningar og anna som barna har laga.</li> </ul>

Målet med barnehagen som pedagogisk verksemد er å gi barna eit tilrettelagt tilbod, i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen.

Dagane i barnehagen består av langt meir enn planlagde aktivitetar. "Her og no" situasjonar har vi flest av. Vi opplever både tabbar og gylne augneblikk. Alt har innverknad på at læring og utvikling skjer. Personalet må reflektere rundt og evaluere det som skjer. Justeringar og endringar må takast underveis.

### **Planlegging – kva skjer i tida framover?**

Utforming av planer tek utgangspunkt i tilbakeblikk og evaluering frå perioden som har gått:

- interesser og behov i barnegruppa
- innspeл og tilbakemeldingar frå foreldra
- satsingsområde og rammeplanens fagområde

### **Plandokument i Skei barnehage**

**Årsplanen** er barnehagen sitt grunnlagsdokument for arbeidet. Den skal gje informasjon om det tilbodet barnehagen planlegg å gje barn og foreldre.

**Hendingar og markeringar i barnehagen** skal gje ei oversikt og informasjon over aktivitetar som er planlagt i løpet av året. Meir informasjon om aktivitetane kjem i månadsplanane i løpet av året.

**Månadsplanane** vert laga på den einskilde avdeling og samkjørt der det er fellesaktivitetar. Planen skal vise målsetjing, tema, metode og ein aktivitetsplan for kommande månad. Den skal ivareta endringar og interesser i barnegruppa.

Det som står på månadsplanen er spesielle aktivitetar som er planlagt på dei ulike dagane. Er dagen tom følgjer gruppa vanleg dagsrytme og kan gjere spontane ting.

Planen skal også gje eit tilbakeblikk/oppsummering frå månaden som har gått, og informasjon om ting som skal skje.

Kvar avdeling er fysisk tilrettelagt for ulike aldersgrupper. Aktivitetane på dei ulike avdelingane vert også tilrettelagt etter alderstrinn, og modningsnivå på barna. Planen skal sikre heilskap og prosesjon i arbeidet.

Tema og aktivitetar vil kome til utover i hendingar og aktivitetar, og konkretisert for dei einskilde avdelingane i månadsplanane.

Gjennom aktivitetane og prosessane får barn kunnskap og erfaring som dei tek med seg vidare i livet.

Barnehagen skal også ivareta "her og no" opplevingar. Det er viktig å ta seg tid, sjølv om det ikkje er nedfelt i skriftlege planar.

Plandokumenta inneheld mål og metode og skal bygge på kvarandre.

**Gjennomføringa av planen må vere så fleksibel at det er rom for spontanitet og medverknad frå barna. Det er lov å gå utanom planen.**

## Hendingar og markeringar i barnehagen 2023/2024

 <p><b>Vinter</b></p> <table border="0"> <tr> <td>13. desember</td> <td>Lucia besøk på Omsorgssenteret</td> </tr> <tr> <td>15. desember</td> <td>Nissefest</td> </tr> <tr> <td>Når snøen kjem</td> <td>Akedag</td> </tr> <tr> <td>6. februar februar</td> <td>Samefolkets dag Karneval</td> </tr> </table>	13. desember	Lucia besøk på Omsorgssenteret	15. desember	Nissefest	Når snøen kjem	Akedag	6. februar februar	Samefolkets dag Karneval	 <p><b>Vår</b></p> <table border="0"> <tr> <td>12. mars</td> <td>Barnehagedagen</td> </tr> <tr> <td>15. mars</td> <td>Påskefrukost</td> </tr> <tr> <td>16. mai</td> <td>Tog til omsorgssenteret - program innslag</td> </tr> <tr> <td>17. mai</td> <td>Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget, foreldre har ansvaret</td> </tr> </table>	12. mars	Barnehagedagen	15. mars	Påskefrukost	16. mai	Tog til omsorgssenteret - program innslag	17. mai	Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget, foreldre har ansvaret
13. desember	Lucia besøk på Omsorgssenteret																
15. desember	Nissefest																
Når snøen kjem	Akedag																
6. februar februar	Samefolkets dag Karneval																
12. mars	Barnehagedagen																
15. mars	Påskefrukost																
16. mai	Tog til omsorgssenteret - program innslag																
17. mai	Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget, foreldre har ansvaret																
 <p><b>Sommar</b></p> <table border="0"> <tr> <td>Veka 25</td> <td>Jonsok markering ved omsorgssenteret</td> </tr> <tr> <td>Veka 23/24</td> <td>Sommar-avslutning med FORUT kafè</td> </tr> </table>	Veka 25	Jonsok markering ved omsorgssenteret	Veka 23/24	Sommar-avslutning med FORUT kafè	 <p><b>Haust</b></p> <table border="0"> <tr> <td>Oppstart nye barn ved skulestart veke 38</td> <td>Brannvernveke - besøk av Bjørnis Teater</td> </tr> <tr> <td>25.09.23</td> <td>Foreldremøte</td> </tr> <tr> <td>Oktober/ november</td> <td>Fotografering</td> </tr> </table>	Oppstart nye barn ved skulestart veke 38	Brannvernveke - besøk av Bjørnis Teater	25.09.23	Foreldremøte	Oktober/ november	Fotografering						
Veka 25	Jonsok markering ved omsorgssenteret																
Veka 23/24	Sommar-avslutning med FORUT kafè																
Oppstart nye barn ved skulestart veke 38	Brannvernveke - besøk av Bjørnis Teater																
25.09.23	Foreldremøte																
Oktober/ november	Fotografering																

- Mating av kaninar og høner og plukking av egg i sansehagen på Skei omsorgssenter to dagar i veka, vår, sommar og haust.